

Å sjå og forstå eit landskap i tid og rom

Breim Bygdeutviklingslag om utbygging av vasskraft i Strupen




Dei dramatiske flaumspora blir mest fotografert frå Nonselvatnet 19.08.2005



Spirefossen og nabaelva førebygde opp til ca høgdekote 500 etter 2003-flaumen



Tydeleg veg opp til tunnelen i Spirefossen og den markante forbygningsmuren



Dei "usynlege" INON- inngrepa i Spirefossen, verdas 32 høgaste foss ifylgje

<http://www.world-waterfalls.com/waterfall.php?num=762>




Måleri frå 1920-talet der brefronten i Strupen ligg ved planlagt kraftinntak på ca 700 m



Strupen sett frå Nonselvvatnet 19.08. 2005

<http://www.vulkaner.no/n/pics/wfoss1.jpg>



Tegnfordeling		Strupen Kraftverk	
Strupen kraftverk		Søker:	småkraft ® Småkraft AS Postboks 7050 5020 Bergen
	Inntak		
	Kraftverk		
	Vannvei		
	1 km buffer rundt inngrepene	Inngrepstilte naturområder	
		<ul style="list-style-type: none"> >5 km fra inngrep 3-5 km fra inngrep 1-3 km fra inngrep Berørt areal 	
		Kartgrunnlag: N50 og INONver0103	
		Kart utarbeidet av: NVK Multiconsult AS, Postboks 280, 1401 Oslo Dato: 29. september 2005	

Hovudsynspunkt på utbygging av småkraft i brefallet Strupen

1. Breim Bygdeutviklingslag (BB) støttar grunneigarane sin anke for å få løyve til ei større utbygging av Strupen enn NVE har gjeve førebels løyve til.
2. BB meiner større utbygging gjev betre løysingar for friluftsliv og ivaretaking av biologisk mangfald enn alternativa NVE, fylkesmiljøvernsjefen og naturvern- og turorganisasjonane går inn for.
3. BB sitt syn er basert på at Myklebustdalen må sjåast på som eitt økosystem der ein legg vekt på bærekraft over lang tid basert på historisk utvikling, dagens situasjon og dei mest trulege scenario for framtida. Vi ber om at OED også vektlegg langsiktig økosystemtenking i sitt endelige vedtak.
4. Vasskraft er rein fornybar energi i tråd med nasjonale målsetjingar
5. Utbygging styrker næringsgrunnlaget til utbyggjarane og gjev inntekter og positive ringverknader også for bygda, kommunen og fylket
6. Utbygging minskar risiko for flaum og skred pga klimaendringane som gjev meir regn og meir ekstremnedbør. Spesielt viktig i eit rasutsett område som Myklebustdalen.
7. Utbygginga blir støtta av Gloppe kommune og fylkesutvalet som er dei demokratisk valde organa med det overordna samla samfunnsansvaret, i motsetning til meir tilfeldige sektor- og enkeltinteresser
8. Tillitserklæring til ei grend med brukarar som har vist stort forvaltaransvar i eit verdfullt natur- og kulturlandskap slik at dei blir i stand til å utøve dette avgjerande forvaltaransvaret også i framtida
9. Utbygging gjer det lettare å bevare verneverdiane og unngå tilstandane i Geiranger og Nærøyfjorden. Der har "alle" i årevis vore samde om verdsarvkvalitetane og ynskt ta vare på dei. Medan det som faktisk skjer er at kulturlandskapet gror att og verneverdiane forvitrar av di bruksnedlegginga og reduksjonen i dyretal er komen for langt. I Geiranger og Nærøyfjorden er det usikkert om utviklinga kan snuast uansett offentlege økonomiske ekstramidlar. Dette må unngåast i Myklebustdalen!
10. BB sin gjennomgang viser til at miljøforvaltninga og enkelte naturbruksorganisasjonar har eit næraast religiøst-filosofisk/ideologisk natursyn som fører til symstematiske faktafeil på sentrale område og aukar risikoen for samfunnsmessig feilaktige avgjerder. Vi ber om at OED tek opp dette i sbd med den gjennomgangen av INON og naturforvaltning som alt er varsla, jfr Nationen 28.11.2009
<http://www.nationen.no/landbruk/article4731154.ece>

Bakgrunn for uttale

Breim Bygdeutviklingslag (BB) vart skipa i 2004 - 2005 som ei overbygning over lag og organisasjoner i bygda og var i 2006-2008 med i fylkesmannen sitt 3-årige bygdeutviklingsprogram ut frå prosjektsøknad med "Naturbasert reiseliv for alle. Utvikling av ei nasjonal merkevare" som hovudmål.

Vi legg i vår modell for utvikling av "nasjonal merkevare" vekt på geoturisme og berekraft, som er hovudprofilane i norsk internasjonal reiselivssatsing.

<http://www.innovasjonnorje.no/Satsinger/Reiseliv/Geoturisme/>

Med "alle" vektlegg vi at også natur- og kulturlandskapet skal omfattast av prinsippet om universell tilrettelegging, vere tilgjengelege for alle.

BB gav ikkje uttale om Strupen-utbygginga sidan laget då var heilt i startfasen. Men vi gav i 2007 uttale i sbd med småkraftutbygging i bygda Førde i sørrenden av Breimsvatnet. Og i tidleg i 2009 også om utbygging av Sandalsfossen og Timbra i nordenden av Myklebustdalen.

Vi er no bedne av grunneigarane på Myklebust å kome med ein uttale i sbd med anke av NVE si avgjerd når det gjeld Strupen-utbygginga. I fylge sakspapira dreiar usemjø seg i stor grad om konsekvensar for friluftsliv, dei biologiske verdiene i natur- og kulturlandskapet, og grunnlaget for naturbasert reiseliv/geoturisme. Som nemnt ovanfor er dette hovudtema BB har arbeidd med siste åra. Og difor naturleg at vi no uttalar oss, sjølv om tida er knapp.

Den religiøse og filosofiske dimensjonen – teoretisk analysegrunnlag

Før vi forklarar nærmere kvifor vi vel å starte vår uttale med foto, måleri og INON-kart; litt om korleis vi enklast muleg prøver handsame den vanskelegaste delen av ein slik uttale:

Miljøvernminister Erik Solheim uttala i samband med debatten om vern av Trillomarka at "...det er viktig at debatten og politikken ikke bare blir teknisk, ikke bare dreier seg om kvoter og teknologi, men også om den religiøse og filosofiske dimensjonen i å ta vare på naturen". (Aftenposten 13.01.2008; <http://www.aftenposten.no/klima/article2193525.ece>).

Den religiøse, filosofiske og ideologiske dimensjonen er svært viktig for standpunktet til enkelte av uttalepartane i denne kraftutbyggingssaka. Det ser vi direkte både ved ordbruken og indirekte ut frå kva moment dei tek med og vektlegg i sine uttaler.

SUM (Senter for miljø og utviling ved UiO) gjer i boka Miljøkonflikter Om bruk og vern av naturessurser (2001) greie for si forsking på området. Religionsforskaren Tarjei Rønnow analyserer i sitt bidrag Kallet fra villmarken den moderne miljødebatten som liknande ein religiøs strid, med skarpe og radikale skilje mellom "naturen", "villmarka". "det uberørte", det "heilage" eller "andre" som dannar eit mystifisert og tabubelagt radikalt skilje til den menneskeleg sfæren og daglelivet.

Vi tek med ei side frå denne artikkelen - om begrepsspara

- Permanens/stasis/stillstand og
- Kontinuitet/utvikling/endring

Verdien av villmark er derfor av en karakter som kan bli borte hvis mennesket rører ved den. Vi kan si at den uttrykker *der ganz andere* – en størrelse som ikke uten videre er kompatibel med den menneskelige sfære. Den er «*set apart and forbidden*» som Durkheim (1954) uttrykker det; mystifisert, tabubelagt og beskyttet av strenge regler. Villmarken representerer derfor, vil jeg hevde, en realisering av forestillingen om evigheten; det autentiske, egentlige og «virkelige». I den ville naturen eksisterer en egen «hellig tid» som ubrutt forbinder vår verden med dens opphav. Det har ingen betydning at skogen Elliot går i, reelt sett endrer seg hele tiden og derfor i fysisk forstand ikke er verken gammel eller «autentisk». Det er villmarken som landskap, interpretasjon og symbol som formidler denne kausale forbindelsen. Villmarkens funksjon som kulturell verdibank har form av et frosset fortidslandskap, kan vi si, der mennesket og dets moderne virkelighet ikke kan synes. De verdier dette landskapet uttrykker, er ikke forenelige med måten moderne mennesker opplever sin egen kultur på. Tvert imot fremstår det menneskelige som urent, farlig og skyldig; og den menneskelige berøring forurensar og «ødelegger» landskapet. «Hatet til det artificielle,» som Ferry (1996) skriver, «er et hat til det menneskelige som sådant.»

Permanens eller kontinuitet?

«I løpet av de siste tiårene har en ny myte blitt skapt i den vestlige sivilisasjonen; myten om et balansert og harmonisk økosystem.» Dette skriver Colleen Clements (1995:215) i en artikkel om miljøetikk kalt «*Stasis the unnatural value*». Det går et grunnleggende skille, mener Clements, mellom de fortellinger som karakteriserer virkeligheten som permanens og de som karakteriserer den som kontinuitet. I sin populære (uvitenskapelige) utgave er økologien blitt en fortelling om permanens eller «*stasis*», der naturen forestilles som et delikat balansert system av forbindelser som det er av overordnet viktighet å ikke forrykke eller ødelegge. I denne fortellingen har mennesket, som vi vet, ingen plass annet enn som inntrerenger.

Men det er endring og utvikling, og ikke permanens som preger alt liv og alle naturlige systemer. *Stasis* er ikke en permanent situasjon for noen komponent i universet, skriver Clements – det er en situasjon som må opprettholdes gjennom kontinuerlige justeringer og evalueringer, en kontrollert og regulert tilstand. Vi kan derfor si at spørsmålet om hvorvidt endring eller utvikling i naturen fortolkes som naturlig eller unaturlig er avhengig av hvorvidt mennesket på noen måte kan sies å ha vært en del av

Natur kan såleis oppfattast både konkret som noko som reint fysisk og fysiologisk gjev mat og næring til overleving av ”det fysiske mennesket”.

Men naturen blir altså i aukande grad også noko som gjev ”næring” til det ”det åndelege mennesket” i meir religiøs-filosofisk tyding. Og då som *stasis/permanens*, *symbol* på det evige uforanderlege. For så vidt ikkje noko uvanleg - vi kjenner Maria Møy som symbol i permanent morsskikkelse, som ikkje endrar seg til skrukkete bestemor/oldemor og døyr.

- Men for oss som lever i og av naturen er dette svært uvant tenkjemåte; at ein foss skal vere eit ikon, eit uforanderleg religiøst symbol utan opphav og ende?
- Og kva slag forhold til verkelegheita har då dei menneska som først og fremst ser fossen som symbol?

For ein paleoøkolog som John Birks er også permanens/stasis uforståeleg. Det gjekk tydeleg fram i eit intervju på forskingsnettstaden www.forskning.no 27.11.2006 under overskrifta **Kva er naturleg?**

Vi siterer og utevar nokre hovudpunkt:

Professor John Birks ved Bjerknessenteret ved Universitetet i Bergen åtvarar mot eit naturvern der målet er å rette opp igjen balansen i eit gitt økosystem. - Nokon slik **stabil tilstand finst ikkje**, seier han.....**åtvarar samstundes mot overdriven verneiver hos naturvernara.**

....Naturvern er nemleg også eit inngrep...kan fort gripe inn i det som er heilt naturlege prosessar også.

- Forandring sett som unaturleg

- Biologar er fascinerte av variasjon i rom, men tidsoppfatninga er det ikkje alltid like bra stelt med. Det som er i dag, er slik det alltid har vore, og alltid bør vere. Forandring vert sett på som noko unaturleg som ein må kjempe mot. Men alt i verda endrar seg jo, seier Birks.

Ein klassisk skog som ikkje var så klassisk

Paleoøkologi dreier seg nettopp om å studere biologien i fortida, og ut frå det trekkje slutningar om korleis til dømes klimaet har endra seg gjennom historia. Gode, paleoøkologiske data kan gi eit ganske nøyaktig bilet fleire tusen år bakover.

- Problemet er berre å overbevise naturvernara om at endringa faktisk har funne stad, seier Birks. Det er ikkje alltid like enkelt, spesielt ikkje dersom dei vitskapelege funna kolliderer med ei etablert tru.

- Ein gong viste vi mellom anna at den klassiske, britiske skogen finst ikkje lenger. Den ble hogd ned av vikingane, og erstatta av ein blanding av mykje rart. Det var tungt kost å sveglje for dei som kjempa for å verne om det dei meinte var den klassiske britiske skogen, humrar han.

Birks meiner naturvernara gløymer å rekne menneske inn i likningane. Då vert det grobunn for slike konservative oppfattingar om naturens «opphevle» tilstand.

Naturen er i endring heile tida

- Eit klassisk døme er frå eit naturreservat i Storbritannia, eit myrlandskap. For å berge dette, valde styresmaktene å gjerde det inn. Men sidan det ikkje vart heldt i hevd av menneske, forfall det, og vart snart til ein ugjennomtrengeleg krattskog, seier Birks.

- ein må vakte seg for å byggje naturvernpolitikk på kjensler og ikkje fakta. Med paleoøkologi har vi i det minste eit verktøy til å teste teoriane, seier Birks.

<http://www.forskning.no/artikler/2006/november/1164359844.27>

Folk som oss - som lever i lokalsamfunn der ein uavbrote gjennom tusenvis av år har levd av og i naturen - har som paleoøkologar den nødvendige faktakunnskapen til å skilje mellom fakta og tru.

Vi arbeider rettnok ikkje dagleg med stringent vitskapleg metode som ein paleoøkolog. Men vi er sjølve ein del av "likningane" Birks snakkar om. Og veit – eller kan lett finne ut – kva faktor våre forfedre har vore i likningane som har skapt dagens synlege landskap. Og har gjennom denne kunnskapen også mulegheit for å lage "grovlikningar" om korleis framtidslandskapet vil bli. Og teste andre sine "likningar".

Teoridøme: INON-karta i utgreiinga - delvis feil og for mykje vektlagt

Vi startar med bileta innleiingsvis for å vise at andre liknande større INON-inngrep har funne stad. INON-karta som ein del av motstanden mot Strupen- utbygginga kviler på er difor delvis feil.

Bileta er eit biprodukt av ein reportasjetur med elevbedrifta Natur, kultur og media til fiskelagshytta ved Nonselvvatnet frå Våtedalssida av fjellet i 19.08.2005
(http://www.geoatlas.no/admin/templates/showitem.aspx?article_id=6407&lang=nn)

Blikkfansen – det vi fotograferte mest i Myklebustdalen – var dei dramatiske resultata av den siste storflaumen i 2003. Rundt 1940 hadde NVE sprengt tunnel i Spirefossen og elles endra løpet for å minske rasfaren for gardane nedanfor. I storflaumen i 2003 gjekk tunnelen tett, og ein unngjekk den store katastrofen berre takka vere rask og stor lokal innsats av folk og maskiner.

Når vi ovanfor skriv ”den siste storflaumen”, så er det av di vi i **geoturisme er opptatt av det spesielle ved området og historia. Og noko av det mest spesielle i Myklebustdalen er dei stadige og dramatiske steinskreda, flaumane og steinspranga..** Som det heiter i bygdaboka om Breim.(Gardssoga, bd. V 2001, s 364-365) om garden Kobberstad som ligg rett nedanfor Spirefossen:

Naturen for hardt med garden gjennom tidene

Frå dei høge og stupbratte fjellsidene har Stein- og snøskred tid om anna gjort store skadar på skog og børar. 1779 var det verste ulukkesåret vi kjenner. Då fløyde veldige vassmengder opp langs fjellsidene. Flaum og steinskreder reiv alle husa på vatnet. Bøane, åkrane og heimebeita vart overgrytte av tjukt lag av sand og stein. Derimot veit vi ikkje at folk og buskap strauk med. Etter ein så stor naturskade måtte åstadretten på staden, med sorenskrivar og lagrettemenn, for å vurdere skaden. Dei fann at husa ikkje kunne byggjast opp att på grunn av faren. Garden fekk i 1680 avtak på både landskyld og leidang og dermed skatt til det halve, noko som truleg var altfor lite. Retten hadde truleg vanskar med å vurdere skaden. Garden fall så

sterkt i verdi at han jamvel ei tid vart teken ut av matrikkelen. På sommartinget på Re i 1695 fann retten ut at «-

På bileta frå 2005, 2 år etter denne siste storflaumen ser vi at skadene på enga er reparerte,. Men at det er laga lett synleg veg opp til Spirefossen, tunnelen og elveløpet er endra og forebygd med store steinmengder. Også naboelva som i 2003 også heldt å å reise avstad med husa nedanfor er som vi ser forebygd med gravemaskin opp til omlag kote 500.

I høve til desse terregendringane vil etter det vi kan sjå utbyggingane i Strupen bli nærast usynlege.

Det er ikkje tvil om at sprenging av tunnell i Spirefossen, veg opp og massiv og lett synleg forebyggingsvoll må vere eit INON-inngrep. Ikkje minst sidan Spirefossen står som nr 32 på lista over dei høgaste fossefalla i verda med 690m.

jfr. <http://www.world-waterfalls.com/database.php?s=N&t=H&orderby=height&sortLimit=300>

- på same internettbasen der Strupen er oppført som nr 11 med 820m (nr 9 i 2006) - meir om dette seinare.

Einkvar som interesserer seg for historie og geoturisme (som legg særleg vekt på historia og det spesielle til dei enkelte lokalsamfunna) vil vite at då elektrisiteten avskaffa tranlampa i første halvdel av 1900-talet, skjedde det først ved utbygging av små bygdakraftverk. Dei hadde problem med drifta m.a. pga store årstidsvariasjonar. Slik at då ein fekk utbygd regionale kraftselskap med store reguleringsbasseng for stabil vinterkraft, vart bygdakraftverka nedlagde og ein slutta seg til stamnettet.

I Myklebustdalen var Nonselva kjelda til dette første kraftverket som vart nedlagt i 1952. Sjølve kraftstasjonen står enno. Rørgata opp til ca kote 400-450 er fjerna. Men så vidt vi forstår ut frå INON-utreikningane vi har sett i sbo med alle slike småkraftverk blir endepunktet og rørgata likevel rekna som varige INON-inngrep. Sjølv på småkraftverk av denne typen som lett kan førast attende til naturleg tilstand.

Dvs at INON-kartet også på denne sida av dalen er feil. Utbygginga av Strupen vil uansett INON-reknemåte ikkje vil ha innverknad på den sida av dalføret.

La oss sjå på kva bygdeboka skriv om garden Myklebust nedanfor Strupen også før vi går vidare på drøftinga av INON og det religiøse:


Harde naturtilhøve på Myklebust

Folket har har gjennom tidene levd under stadig trugs-mål om snø-, jord- og steinskred. I åra 1652-1655 gjekk brukarane fri skatt fordi garden hadde lede stor skade av elveflaum og steinsprang. Særleg ille var det kvar gong

Storelva fløymde utover dei flate markene. I 1789 hadde elva fløymt så sterkt utover at dei måtte ride frå hus til hus i tunet.

Våren 1805 vart her halde ny avtaksforretning (nemning av skyld og skatt). Skaden vart taksert til ei fløymde tilsvarande det som trondst til 28 storfe og beløft for 12 kyr. Her får vi vite at «Brælven» frå «Blaabæ» fløymde over, tok eit nytt far, øydeda mykje utmark og teigar på heimebøen, medrekna fleire åkrar. Flaum hadde gått ned i tunet og «- nedrevet Bergsteenene und Jacob Jacobsens Floer eller Fæhus og Stabur». Ved det høvet fløymde også Svoragrova over.

Inne på støylen i dalen losna ein kjempestein (om lag 1400 kubikkfot) oppe i bremorena over stølen i 1878. J.A land hevda i si bygdebok at han hoppa over meierihu som stod der då. Dette er neppe rett, når ei ser kvar han ligg i dag. Men at stølsjentene som nett hadde sleppt krøtera etter morgenstellet og skulle ta til på heimvegen vart svært oppskræmde, skjønar vi lett.



Elvasbygging ved «Strupen» i 1945, dette var eit arbeid som starta i 1940 og rakk fram mot 1960. Ved stubbebrytaren ser vi framme Anders Myklebust, bak f.v. Per J. Myklebust, Lars Myklebust, Nils Heggheim, Nils Raad, Rolv Myklebust og Jakob J. Myklebust.

(Sandal, Per: Soga om Gloppen og Breim bd. V, 2001, s. 383-385)

Alle er samde om at INON kan vere ein nyttig indikator for naturforvaltning. Men motstanden mot bruken av INON som einaste og nøyaktig indikator – som i sakspapira om utbygginga av Strupen - har auka sterkt siste tida. INON si rolle er i ferd med å bli nedtona. Vi bygger dette på gjennomgang av siste tids INON-debatt i avisene Nationen:

Ein fagleg tung forskingsleiar som Geir-Harald Strand, dr.scient og avdelingsleiar ved Norsk Institutt for skog og landskap (<http://www.skogoglandskap.no/personer/2210>) omtala i ein kronikk i Nationen 30.11.2009 INON-bruka som ”**Indikator på avveie**”

<http://www.nationen.no/meninger/Kronikk/article4675634.ece>

Dei juridiske sekretærane til Utmarksommunenes landssammensluttning kritiserte 18.11. INON for urimeleg bandlegging:

Inon og arealplanlegging

<http://www.nationen.no/meninger/Kronikk/article4711046.ece>

Nationen fylgte opp kritikken gjennom reportasjar og leiarartiklar:

En bestilt naturtragedie

Denne veien ødelegger natur øst for Femunden, selv om den ligger på vestsiden. Umulig? Ikke i offisiell norsk naturkartlegging.

21.11.2009 <http://www.nationen.no/politikk/article4717812.ece>

Høster sterkt villmarkskritikk

Stortingspolitikerne uttaler at de syns norsk seter-utmark er blitt mer villmarkspreget. Miljømyndighetene mener det motsatte. Direktoratets definisjoner får gjennomgå.

23.11.2009 <http://www.nationen.no/nyhet/article4719817.ece>

Villedende om villmark

24.11.2009 <http://www.nationen.no/meninger/leder/article4722082.ece>

Resultatet av denne debatten er at INON skal reviderast:

Vil myke opp skog-regler

Det omstridte forvaltningsverktøyet INON vil bändleggje en sjettedel av norsk skogareal, påpeker regjeringen. Nå skal INON revideres.

28.11.2009
<http://www.nationen.no/landbruk/article4731154.ece>

Som det går fram av reportasjene er einaste grundige INON-analysen til no gjort av forskarane Skjeggedal og Arnesen i 2005. Skjeggedal utdjupar i Nationen-reportasjen 23.11. 2009 sitt syn:

– Det er et bevisst, ideologisk valg av DN å la traktorveien telle som inngrep, men ikke turisthytta. Dagens bruk av INON skjer på usikkert juridisk grunnlag, og være på kant med prinsippet om at det som ikke er forbudt ved lov, er tillatt, sier Skjeggestad.

– INON gir rekreative interesser en forrang framfor produktive interesser. Dette kan føre til vedtak som til dels bygger på sviktende kunnskapsmessig grunnlag.

<http://www.nationen.no/politikk/article4717812.ece>

I samband med drøfting av det ideologisk-religiøst-filosofiske aspektet ved vern eller utbygging av ein foss som Strupen har vi difor sett nærmere på denne 2005-undersøkinga, publisert i tidsskriftet *Utmark* 2/2005 (<http://www.utmark.org/>) der forskarane kom fram til følgjande når det gjeld ulike natursyn:

Hvilke(t) natursyn ligger bak INON?

Med natursyn mener vi her forestillinger om naturens beskaffenhet og om hvordan natur kan benyttes og ”reagerer”. Det er forestillinger som oppfattes som selvfølgelige og blir tatt for gitt og sjeldent diskutert. Ulike natursyn kan gi helt forskjellige oppfatninger av virkeligheten. Når dette ikke erkjennes og tas hensyn til, gir det grobunn for konflikter. Noen dimensjoner kan være egnat til å karakteriseres natursynet i naturforvaltninga og INON:

- Den første dimensjonen dreier seg om selve formålet eller begrunnelsen for å bruke naturen. Det er det klassiske skillet mellom et produksjonsorientert og et rekreasjonsorientert natursyn. Etter et produksjonsorientert natursyn brukes naturen for å tilfredsstille menneskers materielle behov ved utnytting av naturressurser. Etter et rekreasjonsorientert natursyn er formålet med naturbruken mosjon, avslapping og opplevelse. Her faller INON uten videre inn i et rekreasjonsorientert perspektiv. Det er jo nettopp fravær av tekniske inngrep som definerer INON, uten noen form for registrering av egneskaper innen INON-områdene.
- Den andre dimensjonen er om mennesket regnes med til naturen eller ikke. Dette blir sjeldent tydelig uttalt, snarere er det slik at det stort sett er uklart om mennesket regnes med til naturen eller ikke. Likevel har dette stor betydning for eksempel for bedømming av menneskelige inngrep i naturen. Er det per definisjon uheldig? Dette blir heller ikke eksplisitt uttrykt i INON, men siden INON langt på veg bygger på en todeling mellom det urørte og villmarka på den ene sida og sivilisasjonen og menneskelige inngrep på den andre, kan det se ut som om mennesket står utenfor naturen. Dermed blir menneskelige inngrep desto alvorligere.
- En tredje dimensjon er knyttet til landskapsøkologi, som har to hovedperspektiv: struktur og funksjon. Strukturen er økosystemets ”byggesteiner” som plante- og dyrearter, jordbunn, vann, luft, dødt organisk stoff osv. Funksjonen er prosessene som foregår i økosystemet og mellom systemet og omgivelsene. Her er det strukturelle perspektivet klart dominerende i INON. Det er naturens bestanddeler som skal beskyttes mot menneskelige inngrep.

En del samfunnsmessige dimensjoner ved natursyn har også betydning for naturforvaltning. Det er for eksempel dimensjonene ”nasjonal” versus ”lokal” og ”sentrum” versus ”periferi”. Disse finner vi lite igjen i datagrunnlaget vårt. Det tas for gitt at det finnes et skille mellom nasjonale og lokale verdier og at naturen kan forvaltes som natur alene, uten å ta hensyn til hvordan for eksempel beliggenhet har betydning for forvaltningsprosesser. Naturen betraktes som en fri og uavhengig størrelse, med liten oppmerksomhet omkring at det vil være aktører med ulike verdier og interesse knyttet til natur som inngår i forvaltningsprosesser. Dette hadde ikke vært så problematisk dersom naturen hadde vært homogen over hele landet, mens om vi vet er det store forskjeller. Som vi et, er forskjellene store. Når dette blir oversett, gir det grunnlag for konflikter.

I denne sammenhengen er det også et poeng at de gjenværende villmarksprega områdene hovedsaklig befinner seg i skog- og fjellområder i innlandet, med andre ord i innlandets utkantkommuner. Her legger da INON et sterkt press mot tiltak som kan redusere villmarksprega områder. Den uklare juridiske statusen til INON, sammen med sterke ønsker fra Stortinget og sentral miljøforvaltning om å opprettholde disse områdene, kan dermed bidra til å skjerpe motsetningene mellom distriktene og sentrale områder. **Motsetningene kan bli forsterka ved at det ikke eksisterer tilvarende eller liknende restriksjoner i sentrale områder og ved at den største andelen naturvernområder også er lokalisert til skog- og fjellområder.** Dessuten fremmer også INON et rekreasjons- og opplevelsesorientert natursyn, som ofte vil være annerledes og i konflikt med et mer produksjonsorientert syn som står langt sterkere i områder prega av primærnæringene.

http://www.utmark.org/utgivelser/pub/2005-2/art/Skjeggedal_og_Arnesen_Utmark_2_2005.html

Det biletet som Skjeggedal og Arnesen teikna av forvaltninga sitt natursyn i 2005, er og i tråd med nyare nordisk forsking, jfr boka *Omstridd Natur* (2008):

http://www.utmark.org/utgivelser/pub/2008-2/pdf/Bjorkeng_Utmark_2_2008.pdf

Oppsummering av vårt teoretiske utgangspunkt og vinkling

Dersom vi no sameinar **fellestrekk** i det vi har sitert ovanfor frå paleoøkologi, religions- og samfunnsforskning, kan vi seie at:

- natursyn/ ideologi styrer kva vi ser eller ikkje ser, undersøker eller ikkje undersøker, ser på som sjølsagt eller ikkje sjølsagt, permanent/statisk eller kontinuerleg/i endring.
- DN er premissleggar for kva som skal vere med i ein miljø-og naturanalyse i sbd med ei krafutbygging som Strupen og har eit natursyn av "permanens"-typen
- gjennom si modellmakt kan DN påverke "usynleg" andre aktørar til same vektlegging og derigjennom ha avgjerande innverknad på sluttresultatet (her ja eller nei til utbygging og val av utbyggingsalternativ)
- uttalepartar som deler same natursyn/ideologi (her fylkesmannen si miljøvernnavdleing, naturvernforbundet og turlaget), vil systematisk gjere same feil og utelatingar
- For å sikre eit rett sluttresultat må då "nokon andre" gjere ein kunnskaps- og vitskapskontroll i høve til feil av "permanens"-typen.

Vi har alt ovanfor vist korleis INON-bruken i denne saka er blitt feil pga forvaltninga sitt natursyn/ideologi. Dei leitar ikkje etter eller ser ikkje sjølv dei enklaste feila – som på bileta innleiingsvis - når feila gjev resultat i samsvar med deira eige natursyn/idologi. Men til forskjell frå Skjeggedal som seier at der er "et bevisst, ideologisk valg av DN å la traktorveien telle som inngrep, men ikke turisthytta" trur vi det i stor grad dreiar seg om umedvitne prosessar, utan at vi av plassomsyn går nærmare inn på det.

Vi skal nedanfor gå gjennom andre hovud-og stridstema i sbd med konsesjonssøknad og høyningsrunde og påvise same type faktafeil av same (etter vår mening) ideologisk-religiøst-filosofiske grunnar.

Først:

Fossesprøytengene og fossekallen

Som sitert og dokumentert gjennom våre 2005-bilete ovanfor har dramatiske skred og flaum og steinsprang prega Myklebustdalen opp gjennom historia langt meir enn i vanlege bygder

- Likevel er det berre grunneigarane som nemner flaumdemping som moment i sine uttaler

- Trass i at einkvar som fylgjer litt med i natur, miljø- og klimadebatten har fått med seg at vi alt har fått det varmare, villare og våtare – i alle fall har på Vestlandet – og at utsлага av endra klima vil bli endå større i framtida i rasutsette område under stupbratte vestlandsfjell

Eit par nyare døme frå større undersøkingar:

Våte drømmer for kraftbransjen

Økt nedbør skaper utfordringer for flom- og skredvern, for vann og avløp og utbygging av nye boligområder og infrastruktur.

I en rapport for Statsnett konkluderer forsker Asgeir Sorteberg ved Bjerknessenteret for klimaforskning med at nedbøren i Norge har økt med 18 prosent de siste hundre år.

- For kraftbransjen innebærer dette et stort potensiale til å øke produksjonen, samtidig som mildere vintrer fører til redusert energibehov for oppvarming, sier Sorteberg.

Vestlendingene har allerede fått kjenne på kroppen den økte nedbøren og vil også få den største økningen i mengden nedbør i årene fremover.

- Nedbørsforandringen fra 1965 og fram til i dag ligger langt høyere enn i klimamodellene, og det er store sprik i de ulike modellene.

- I verste fall kan vi få 35 prosent mer regn i løpet av dette århundret, men mer trolig vil det ligge på rundt 10-15 prosent.

<http://www.forskning.no/artikler/2008/mai/182899> 28.05.2008

Regn med flere skred

Flere snø- og jordskred, mer steinsprang og økt fare for leirkred. Klimaendringer, med stigende temperatur og mer nedbør, vil øke faren for alle typer skred i deler av Norge de neste 50 årene. Det viser resultatene fra det omfattende forskningsprosjektet *GeoExtreme*.

<http://www.forskning.no/artikler/2009/oktober/230826> 4.10.2009

Viss vi då ser på INON-kartet over Myklebustdalen og samanliknar med nedbørsprognosane frå ovannemnde 2008-undersøking har vel - ved sidan av kraftbransjen - nettopp fossesprytengene og fossekallen grunn til å jubile?

Dalbotnen i Myklebustdalen ligg 1000-1500 m under fjelltoppane med snø/bre som gjev vatn til bekker med småfossar nedover dei stupbratte fjellsidene. På INON-kartet over Myklebustdalen vi har kopiert innleiingsvis kan vi berre i Myklebustdalen frå Sandalsvatnet – Stardalen telje eit 30-tals slike bekker/elvar. Det er likeeins lett å finne ut at i Breim sør for Myklebustdalen ligg 3 parallelle dalføre (Høgredalen, Våtedalen, Breimsvatnet frå Reed til Førde i Jøster) med liknande form, og at ein samla har rundt 100 slike småbekker/elvar med større og mindre fossar.

Med 18% nedbørsauke siste 100 åra – det meste av dette etter 1960-talet – og 10-35% vidare framover, og forholdsvis størst nedbør på Vestlandet

- **Skulle vel nettopp ein slik 30-60% nedbørsauke gje grunnlag for fleire og større fossesprøytenger og betre levekåra for fossekallen?**
- Sjølv om nokre få av desse bekkene og småfossane i deler av det totale 1000-1500 m lange fallet fra fjelltoppane til dalbotnen blir utbygd med småkraftverk?

Vi ser her heilt tydeleg korleis påstandane frå fleire av uttalepartane i Stupen-saka er bygd på permanens som ”usynleg” og ”sjølsagt” grunnføresetnad. Eller med paleoøkologen John Birks sin ord ovanfor om deira ”tru” at ”Det som er i dag, er slik det alltid har vore, og alltid bør vere”.

- Så framt dei naturavhengige lokalsamfunna blir hindra i å gjere inngrep i ”permanensen”!

Fossesprøytengene i brefallet i Strupen og forventningane om sjeldne naturtyper

Dette er – diverre – igjen døme på korleis naturforvaltninga sitt ideologiske og permanensbaserte natursyn automatisk og utan å stille sprørsmål går ut frå som sjølsagt premiss at fossefalla og fossesprøytesonene har eksistert ”frå æva” og difor ut frå storleiken må vere spesielt artsrike og verdfulle.

Einkvar lokalsamfunnsinnbyggar eller einkvar med historisk eller paleoøkologisk interesse ville automatisk sjekke data for brefronten sine rørsler i dette brefallet.

Vedkommande ville då finne at brefronten har lege om lag som på måleriet (ovanfor) fram til 1940-talet, og har sidan trekt seg gradvis oppover. Dvs lege stabilt rundt det planlagde inntaket på om lag kote 700.

Vi har som ein rask sjekk kontakta bremusea i Stryn og Fjærland som også har sendt spørsmåla vidare til to forskrarar frå Nordfjord med spesialkunnskap: Geologiprofessor Atle Nesje i Bergen og førsteamanuensis i geologi Rune Aae ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Begge har forska spesielt på breer og skred.

Rune Aae svara m.a slik i epost 3.12.2009:

I Myklebustdalen er det nokre tydelege sidemorener, til dels høge og skarpe ryggar, som syner kvar brekanten låg på dei stadane i Den vesle istida. Men det kan vere litt usikkert kor langt ned brefronten nådde.

I Strupen-området ser det ut til å vere ned til om lag 700 m o.h. der moreneryggane svingar inn mot elva. Brefronten kan då ha lege ut mot kanten av den bratte dalsida nedafor, og kalva. Isras og flaumar har nok vore vanleg. Stort dreneringsareal er ei av årsakene til at breen rykte så langt ned her.

Lenger sør der Stølselva renn ned mot Myklebuststølen er det mindre dreneringsareal, så breen rykte ikkje like langt ned. Den sørvestlege moreneryggen som er høg og spiss, når ned til 1020 m o.h. Bretunga kan ha nådd ca. 100 m lenger ned. Fjellet glattslipt så langt. Nedafor er det reint skredmateriale i den bratte dalsida ned mot ei stor skredvifte mot dalbotnen. Myklebuststøyen som ligg i kanten av vifta, må ha vore utsett for den auka skredaktiviteten i Den vesle istida.

Vi sende han då måleriet frå 1920-talet med opplysning om at dei eldre på Myklebust sa breen låg om lag så langt framme til han byrja smelte og dra seg jamt attende frå 1940-talet. Vi spurde om ikkje brefronten då måtte ha vore lågare i den vesle istida.

Til dette svara Aae i epost 04.12.2009 m.a. at:

Eg er enig i at brefronten må ha lege lenger ned i 1750 enn i 1930. Dei morenene eg viste til er ikkje daterte. Dei kan vere frå 1930? Eller 1870 då det og var framrykk. Oftast er det bra lett å sjå grensa for 1750-framrykket fordi det er store kontrastar i vegetasjonen innafor og utafor denne grensa. Men her er fjellet nedafor breen er svært nakne, det er ikkje lett å finne slik grense, i alle fall ikkje på flyfoto som kartet byggjer på der.

-Dette burde ein finne ut av. Det er fint om du også jaktar på td. gamle foto. Det burde finnast tilbake til ca.

1880?

Breen har nok trekt seg tilbake sidan 1750, med nokre opphold og framrykk, men så har smeltinga gått raskare etter 1930. Mellom ca. 8000 og 5000 år før notid var breen heilt borte, som dei andre breane i S.Norge. Det syner m.a. i ein borkjerne ved Sandalsvatnet, der det ikkje var breslam frå den tida.

Om breen blir borte, blir Strupen meir ei vanleg fjellelv som sikkert kan ha bra vassføring iflg. nedbørprognosane no. -Men først vil breane kanskje vekse i høgområda pga auka vinternedbør.

Samanliknar vi vidare måleriet frå 1920-talet med det vi tok frå toppen av Nonselva på motsett side av dalen i 2005 ser vi at grova til høgre på måleriet hadde om lag like stor vassføring som Strupen den gongen. Men er heilt tørr på vårt 2005-bilete. Avsmeltinga har tydelegvis ført til at all avrenninga no går gjennom fossefalla i Strupen. Dvs at vassføringa der tidlegare truleg var mindre. Også ut frå at den totale årsnedbøren var mindre, jfr 2008-undersøkingar over nedbørsendingar.

Dvs at om fossesprøytengene blir redusert litt i omfang pga utbygging i Strupen, er dei i realiteten berre tilbake til ein tidlegare tilstand som har vore nokolunde stabil frå den vesle istida på 1700-talet til framimot midten av 1900-talet.

Det skulle innebere at dagens fossesprøytsone i Strupen er dei nyaste i heile dalen i og med at dei i fleire hundre år har lege i eller under brefronten, eller blitt utsett for stadige brekalvingar, og har hatt mindre vassføring.

Sjansen til å finne rikt artsmangfald og sjeldne raudlista artar skulle dermed og vere mindre enn nokon annan stad i dette lange dalføret.

Ser ein også på opplevingsverdien av desse fossesprøytengene for friluftsliv og turisme, så er det altså ikkje i verken i dag eller i framtida særleg realistisk med turstiar langs elva i Strupen. Den beine og bratte turstien som går nokolunde rett opp mot den høgste toppen i området (Snønipa 1827m) går lenger inne i dalen, langs støylselva – det opplyser både turlaget og grunneigarane om i sine uttaler. Der gjekk altså ikkje breen så langt ned, sjølv i den vesle istida. I fylgle grunneigarane er også der fossesprøytenger. Sjansen for at fossesprøytengene der er rikare på artsmangfald enn i Strupen er tilsvarande større. Likeeins finn ein fossesprøytenger i nærliken av turstien i dalboten innover til Stardalen. Der bør ut frå same resonnement (stabilitet gjennom mykje lenger tid) også sjansen til å finne rikt og sjeldant artsmangfald vere større.

Når det gjeld fuktigheitskrevjande mosar og plantar generelt veit ein kvar lokal innbyggjar som gjennom ulike årtider i alle slags ver og føre har traska i fjellsidene at her er vått og jamn småsildring mest alle stader– sjølv om ein gjennomgåande godversturist ikkje er klar over det. Og med 30-60% auka nedbør i eit 100-150 års perspektiv som dokumentert ovanfor, vil vel slike naturtypar ikkje vere truga av utrydding!?

Det er i alle fall metodisk altfor lettvint som her å automatisk gå ut frå permanens: Gå ut frå at den største neverande fossen med den største neverande fossesprøytsona automatisk har størst artsrikdom, størst sjanse for funn av sjeldne raudlista artar, og dermed størst verneverdi.

Vi skal nedanfor kome attende til kva område i dalen vi meiner er viktigast å ta vare på når det gjeld biomangfald, og kvifor utbygging vil fremje og ikkje svekke naturverdiane i dalen.

Menneska i Myklebustdalen – utan verneverdi?

Vi har ovanfor tatt utgangspunkt i forsking om klimaendringar med meir nedbør og auka rasfare. Ein forskningsrapport frå Bjernessenteret 26.09.2008 konkluderer med:

Tredobling av ekstreme regntilfeller på Vestlandet i framtiden

Vestlandet får flere regnvårsdager, flere episoder med ekstreme nedbørsmengder og regnet vil bli mer intenst. Det viser en studie av ekstremnedbør

... Varmere luft og norsk topografi betyr også at vi får en sterk økning i antallet episoder med ekstremnedbør på Vestlandet, som kan utløse flere snøras og jord- og steinskred.

... Studien viser at kommuner langs kysten, som for eksempel Florø, vi få de mest intense regnskylene.

- Dette er en sterk økning i regnmengden på relativt kort tid, noe som øker risikoen for steinras, snøskred og flom. **Det kan ta jorda mange år å tilpasse seg bare en 2% til 3% økning, så det er lett å forstå at før terrenget blir stabilt igjen kan dette allerede ha hatt dramatiske konsekvenser**

... En tidligere studie gjennomført av Asgeir Sorteberg ved Bjerknessenteret på oppdrag for Statsnett viser at **vestlendingene kan vente seg den største økningen i mengden nedbør gjennom året,**

<http://www.bjerknes.uib.no/pages.asp?id=1629&kat=2&lang=1>

Vi registrerer på DN sine heimesider at **klimaendringane gjev meir vatn, målbart t.d. frå Aura-reguleringa for berre 40 år sidan:**

Mer nedbør med klimaendringene

Klimaendringene har medført mer vann i Aura-reguleringen siden konsesjonen ble gitt, og prognosene tilsier at utviklingen vil fortsette i årene som kommer. Dette må det tas hensyn til når miljøforbedringer, mulige krafttap og investeringer avveies ved moderniseringen av kraftkonsesjonen, mener DN.

– Kraftproduksjonen er allerede 10-15 % større enn da Aura-konsesjonen ble gitt. Dette bør også komme miljøet til gode.

<http://www.dirnat.no/content.ap?language=0&thisId=500039390>

Vi ser av konsesjonssøknaden for Strupen at ein her har tatt utgangspunkt i 30-40 år gamle nedbørstal, med grafar fra 1960- og 1970-talet.

Grafane viser at den foreslalte utbygginga vil redusere sommarvassføringa til 50-70% i høve til den tidas normalvassføring. Sommarvassføringa er i eit vassdrag med så stor årsvariasjon den viktigaste både for det biologiske mangfaldet som fossesprøytoner, og opplevingsverdiar i natur, friluftslivs- og reiselivssamanhang.

Men med 10-15% nedbørsauke frå desse tidsseriane til i dag og forventa vidare 10-35% nedbørauke:

Vil ikkje sommarvassføringa då bli om lag som før, dvs som for 30-40 år sidan?

Er det ikkje større grunn til å vere redd for klimaendringane sine konsekvensar for menneska som bur i eit så historisk flaum- og skredutsett område som Myklebustdalen, jfr vår dokumentasjon ovanfor?

Vi ser at maksimal slukeevne i planen er 2,6m³/sek. Men vi ser og at NVE i sin fig 1 s. 48 på biletet tatt 14.09.2005 har berekna vassføringa den dagen til 14,2m³/sek (790% av normalvassføring). Vi går ut frå at dette ikkje var ei ekstremvassføring. **Med den forskningsmessig dokumenterte auken i nedbør og spesielt ekstremnedbør meiner vi prinzipielt at maksimal slukeevne som eit klimatiltak burde vore langt større!**

Ein annan måte å redusere flaum- og skredfare på vil vere å legge inntaket så høgt at ein får leda vekk ekstremvassmengdene før dei brattaste partia eller områda med mest lausmasse.

Vi har spurt grunneigarane om dei har fått gjort slike vurderingar, og fått til svar at dei ideelt sett av slike grunnar ville ha lagt inntaket på toppen av den øverste fossen (ca kote 900). Men at dei då ville kome så nær

nasjonalparkgrensa at dei rekna det som eit unrealistisk alternativ. Dei landa difor på det omsøkte alternativet som dei påpeikar i si grunngjeving også vil ha ein viss flaumdempende effekt.

Vi meiner det er skremmande at FM-miljøavdelinga og tur- og naturorganisasjonane eine og åleine er opptekne av sine eigne opplevingsverdiar og ikkje med eitt ord drøftar eller tek omsyn til menneska som bur i ein dal med ei slik tidlegare flaum- og skredhistorie!

Det er jo sjølsagt heilt i tråd med forskarane Skjeggedal og Arnesen sine funn ved gjennomgang av forvaltninga sin INON-praksis vi har sitert utførleg ovanfor, om at:

. Det tas for gitt at det finnes et skille mellom nasjonale og lokale verdier og at naturen kan forvaltes som natur alene, uten å ta hensyn til hvordan for eksempel beliggenhet har betydning for forvaltningsprosesser. Naturen betraktes som en fri og uavhengig størrelse, med liten oppmerksomhet omkring at det vil være aktører med ulike verdier og interesse knytta til natur som inngår i forvaltningsprosesser. Dette hadde ikke vært så problematisk dersom naturen hadde vært homogen over hele landet, mens om vi vet er det store forskjeller

Men vi vil be om at Olje- og energidepartementet som overordna forvalningsorgan no grip fatt i dette problemet.

Vi meiner at det må vere eit pålegg at ein også skal sjå slike vasskraftutbyggingar som eit nødvendig klimatiltak for å førebygge flaum og skred. Og at eventuelle vernegrenser ikkje er "heilage" når det gjeld å trygge liv og helse for menneska som pga klimaendringane bur i aukande flaum- og skredfåre!

Strupen som pengemaskin i turismesamanheng utan utbygging?

BB er sjølsagt som del av vårt arbeid med geoturisme interessert i å få klarlagt kva ressursar vi har for den type reiseliv. Om t.d. Strupen er eit fossefall med større internasjonalt reiselivspotensiale enn vi har vore klar over og nytta ut til no, slik fylkesmiljøvernensjefen bastant hevda ifylgje fylkesavisa Firda og NRK 11.08.2006:

Vil verne Strupen fossefall

- Strupen er den niande høgaste fossen i verda og på lista over verdas vakraste fossefall. Fylkesmannen gir eit klart nei til bygginga av Strupen kraftverk.

- Strupen er den niande høgaste fossen i verda. Hadde dette vore klart då Jostedalsbreen nasjonalpark vart oppretta ville fossen truleg vore med i fredinga, heiter det i fylkesmannen sitt avslag på konsesjon til den planlagde utbygginga av Strupen kraftverk i Gloppen kommune.

Foreslår turistmål

Fylkesmiljøvernensjef Nils Erling Yndesdal foreslår jamvel at grunneigarane utnyttar fossen som ein turistattraksjon i staden.

- Det er få som nyt godt av det økonomiske utbytte frå småskala kraftutbygging i forhold til dei mange som må forholde seg til vassdraget og interesser knytt til dette elles når det gjeld turisme.

Dermed blir rådet frå fylkesmannen at det ikkje blir gitt konsesjon til bygging av Strupen kraftverk

<http://www.firda.no/nyhende/article2233824.ece>

Gjennomlesing av sakspapira og våre eigne raske internetsøk gav imidlertid så mange ulike svar at vi har tatt kontakt pr epost med ulike aktørar for utdyping og kvalitetssikring.

Til vårt regionale reiselivsselskap FjordNorge sende vi 4.12.2009 fylgjande epost som vi enno ikkje har fått svar på.:

From: Ola Bergheim

To: info@fjordnorge.dk

Sent: Friday, December 04, 2009 11:47 AM

Subject: Høgaste fossar - faktagrunnlag for dykkar tabell

Hei:

Eit spm om faktagrunnlag for norske fossar i reiselivssamanheng:

Eg er skrivar i Breim bygdeutviklingslag der vi m.a. arbeider med utvikling av natur-og kulturbasert reiseliv/geoturisme.

I den samanheng samlar vi inn fakta om bygda som event kan brukast i reiselivssamanheng.

Wikipedia

http://no.wikipedia.org/wiki/Liste_over_norske_fosser

har t.d. med to fossar her i Breim, Strupen som nr 3 og Spirefossen som nr 11 av norske fossar, og begge desse er inn på

Worlds Tallest Waterfalls - World Waterfall Database

som Wikipedia brukar som kjelde.

Eg ser på nettsida dykkar at de brukar ulike kjelder for høgd på fossar.

På oversynet dykkar over verdas høgaste kjem norske fossar på 3. og 4.plass, med 9 blant dei 20 høgaste - Strupen og Spirefossen er ikkje med.

http://www.fjordnorge.dk/norsk/hoyeste_fosser_i_verden.htm

Denne lista stemmer ikkje med NVE si liste på nettstaden dykkar, og Strupen og Spirefossen er heller ikkje med her.

http://www.fjordnorge.dk/norsk/hvordan_maales_hoyden_paa_en_foss.htm

Eg er klar over at NVE opererer med loddrett fall, og at det i reiselivssamanheng og er relevant med fossar samansett av mindre, men nokolunde samanhengande fall.

I min samanheng er eg spesielt interessert i grunnen til at "mine" fossar, Strupen og Spirefossen, ikkje er med på nokon av dykkar lister.

Eg fann ikkje kva kjelde de har brukt for dykkar liste over dei høgaste fossane i verda og kriteria for utveljing av dei norske fossane på dykkar liste.

Det er alltid kjekt å kunne reklamere med at ein i si bygd har fossar som både er blant dei høgaste i Noreg og verda!

Eg ber difor om at de oppgjev kjeldegrunnlaget for dykkar liste over verdas høgaste fossar og grunnlaget for utveljing av dei norske fossane på lista.

Har de opplysningar spesielt om grunnen til at dei to fossane i min kommune, Strupen og Spirefossen, ikkje bør vere med på lista og heller ikkje

reklaamerast for i reiselivssamanheng, ber eg om at de opplyser om dette og.

Sidan vi altså pr dato ikkje har fått svar må vi berre foreløpig seie at **vi synest det er svært merkeleg at fylkesmiljøvernensjefen påstår internasjonale reiselivskvalitetar på ein foss som FjordNorge, det internasjonalt retta reiselivsselskapet for Vestlandet ikkje eingong har på sine lister!**

I håp om å få kvalitssikra lister og opplysning om kriterium for vurdering av ulike aspekt ved slike fossar sende vi epost til fylkesmiljøvernavdelinga sitt overordna fagorgan, DN. Der har vi akkurat (09.12.2009) fått følgjande svar:

----- Original Message -----

From: Odd Arild Vik

To: nve@nve.no

Cc: balo@online.no

Sent: Wednesday, December 09, 2009 3:54 PM

Subject: VS: Norges høgaste fossar - kvalitetssikra liste

Hei

Vidaresender denne til NVE som rett mottakar.

Helsing Odd Arild Vik
Rådgjevar, arkivseksjonen
Telefon: 73 58 05 15. E-post: oav@dirnat.no

Direktoratet for naturforvaltning
- for liv i naturen og natur i livet
www.dirnat.no

Fra: Ola Bergheim [mailto:balo@online.no]

Sendt: 4. desember 2009 13:18

Til: Postmottak DN

Emne: Norges høgaste fossar - kvalitetssikra liste

Hei

Eg var på jakt etter eit oversyn over kva som er dei høgaste norske fossane og korleis dei er rangert på verdsbasis.

Eg finn ulike lister på wikipedia, store norske leksikon, reiselivssider, NVE, stortingsmeldingar

Eg går ut frå DN som fagorgan når det gjeld naturvern har ei faglege kvalitetssikra liste som vurderingsgrunnlag i sbd med spm om freding og vasskraftutbygging.

Vonar de kan sende lenke til ei slik ajourført liste/event sende sjølve lista dersom den ikkje ligg på nettet.

Gjerne med tilleggsinformasjon/kriteriar om kva de vektlegg når det gjeld naturverdiar.

mvh

Ola Bergheim

Breim Bygdeutviklingslag

BB må berre ta til etterretning at DN tydelegvis ikkje har jobba systematisk med system for vurdering av verneverdi på fossefall. Dei norske fossane har vel trass alt vore brukt i reiselivssamanhang i 100-150 år? Er det berre opp til den enkelte fylkesmann si miljøvernnavdeling å synse om vektlegging av ulike kriteriar?

Vi tok også kontakt med dei som laga den internasjonale lista fylkesmannen viser til, og fekk då eit raskt og fyldig svar 05.12.2009 som i alle fall er til litt hjelp:

The World Waterfall Database as it exists now was basically just an attempt to compile a list of the most significant waterfalls of the world based on either height or volume, and we had included pretty much any waterfall we could find any data about. In regard to the waterfalls in Norway specifically, many of the falls like Spirefossen were included because they were both easily identifiable on topographic maps and marked by an obvious name (whereas many of the wet season waterfalls you mention are neither named nor marked on maps). Strupenfossen was included because it is a waterfall of substantial volume (which we were made aware of by a couple pictures we found on the internet) even though it isn't marked on most maps.

Mennesket har påvirket naturen siden det innvandret til Norge etter siste istid. Noe av vår virksomhet har knapt satt spor, andre sider av vår virksomhet har påvirket artene sterkt, skapt nye leveområder, og til og med omformet økosystemene. Det store «almefallet» (markert tilbakegang for alm) i overgangen mellom eldre og yngre steinalder, kan trolig forklares med at steinaldermennesket gikk fra å være jegere og samlere til å bli bønder. Nærmere vår tid er uthoggingen av eikeskogene på Sørlandet og furuskogene på Vestlandet (til skipsbygging og tømmervirke,) og skogsområdene rundt bergverks- og gruveområdene på Røros og Kongsberg for 300 til 500 år siden, andre eksempler på hvor sterkt mennesket kan påvirke naturen.

På 1800-tallet var det norske landskapet stedvis utpint og, spesielt på Vestlandet, flere steder nesten helt treløst, noe gamle fotografier illustrerer tydelig. Det ble før mange mennesker her i forhold til ressursgrunnlaget, grunnet en sterk befolkningsvekst. I løpet av perioden fra 1801 til 1865 ble folketallet i Norge doblet fra 0,88 millioner til 1,7 millioner. Dette satte tydelige spor i landskapet, men også sult, sosial uro og storstilt utvandring til USA.

En del arter og økosystemer som finnes i Norge i dag, også natur som er vernet, er helt klart betinget av menneskelig påvirkning. Forsking viser også at det biologiske mangfoldet av blomsterplanter generelt er høyere i moderat kulturpåvirket natur enn i helt urørt natur. Men en må ikke glemme at på de samme arealene fantes det andre økosystemer og arter før mennesket endret betingelsene. Naturvernet trenger å ha tilstrekkelig kunnskap om historien og om de økologiske prosessene som betinger det en ønsker å verne, økosystemene og artene, og en må også ha klart definerte mål med vernet: Hva er det en egentlig ønsker å verne?

I det tidlige naturvernet finnes det et eksempel på at en gjerdet inn en svært sjeldent planteart (altaihaukeskjegg) for å bevare arten. En oppnådde dessverre det stikk motsatte - arten ble utryddet, fordi den faktisk var betinget av beite. Uten beite ble den utkonkurrert av andre arter. Mange sårbare og rødlistede arter er nettopp knyttet til kulturlandskapets lysåpne lunder, og er her betinget av tradisjonell bruk.

Det tok også lang tid og mye forskning før en forstod at mesteparten av kystlyngheiene var et 5000 år gammelt kulturprodukt - utviklet og opprettholdt av mennesket ved tradisjonell skjøtsel, fortrinnsvis gjennom lyngsviing og husdyrbeiting. Det betyr at dersom en ønsker å verne kystlyngheiene slik de fremstår i dag, betinger det tradisjonell skjøtsel. Hvis ikke vil den naturlige suksesjonen føre til at kystlyngheiene de fleste steder endres til skogområder, i dag delvis med nye innplantede, og for norsk natur, fremmende arter.

Førsteintrykket av de urskogsaktige edellauvskogene på Vestlandet kan være at de virker urørt. Men mange lauvtrearter, spesielt alm, hassel, ask og lind har gjennom tusener av år vært svært ettertraktet. Bruken har vært før, redskaper, bygge- og emnevirke og ved. Igjen må naturvernet spørre seg: Hva ønsker en å verne?

Dersom disse skogene har en mangeårig påvirkningshistorie gjennom hundreder eller tusener av år, noe som også har ført til en utvidelse av leveområdene til en rekke lyskrevende gras og urter, og det er denne tilstanden en ønsker å verne, betinger det videre menneskelig påvirkning (skjøtsel). Er det derimot en upåvirket, tilnærmet urørt natur som er målet, må skjøtselsstrategien være en helt annen. Da har en heller ikke kontroll med etablering av nye arter, som for eksempel gran og platanlønn i edellauvskogene på Vestlandet.

Dette dilemmaet om å bestemme mål og retning på skjøtselsstrategien, er sentralt i forvaltingssammenheng. Ofte er nok dette også et økonomisk spørsmål. Opprettholdelse av et kulturpåvirket område er langt dyrere og vanskeligere å forvalte enn å la naturen utvikle seg på egne premisser.

På generelt grunnlag er det verdt å merke seg at Riksrevisjonen i 2006, gjennom arbeidet med «Myndighetenes arbeid med kartlegging og overvåking av biologisk mangfold og forvaltning av verneområder», blant annet konkluderer: «Undersøkelsen har avdekket et behov for både å utarbeide nye og kvalitetsmessig forbedre eksisterende forvaltnings- og skjøtselsplaner. I tillegg viser Riksrevisjonen

caseundersøkelser at forvaltningsplanene i flere tilfeller er lite målrettede eller treffsikre i forhold til skjøtselsbehovene. Av den grunn stilles det spørsmål ved om den etablerte praksis for utarbeidelse og kvalitetssikring av forvaltningsplaner for naturreservat og mindre landskapsvernområder er tilstrekkelig».

Grunnleggende økologisk kunnskap om økosystemene og artens dynamikk må ligge til grunn for forvaltnings- og skjøtselsplaner. Men selv om Norge er et rikt land, bruker vi lite ressurser både på denne type forskning og lite på forvaltningen av verneområder, i motsetning til vårt naboland Sverige. Dette er en politisk og økonomisk prioritering som må utfordres, dersom overordnede politiske mål om å stoppe tap av biologisk mangfold skal nås.

Til slutt ønsker vi å understreke at samfunnet trenger oppgående gårdbrukere for å følge med og fange opp forandringerne som skjer i landskapet, særlig i verneområdene. Vi trenger dem også for å vedlikeholde verdiene. Dette er særlig viktig med tanke på potensielle konsekvenser av de omfattende klimaendringene som nå skjer.

Knut Rydgen er professor i vegetasjonsøkologi ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Leif Hauge førsteamanuensis i vegetasjonsøkologi ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Ingvild Austad er professor i landskapsplanlegging ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

Nationen 07.01.2008 <http://www.nationen.no/meninger/Kronikk/article3262549.ece>

Oppsummering - bondeøkonomien og trangen for småkraftutbygging

Bruka på Vestlandet er små i nasjonal samanheng. Og ørsmå i internasjonal samanheng når grensene no blir bygd ned i globaliseringas tidsalder. Konklusjonen av gjennomgangen ovanfor blir at skal vanlege distriktsbønder og bygder overleve må dei ta att nedskjeringar på hundrevis av millionar i den tradisjonelle gardsdrifta på betre utnytting av heile ressursgrunnlaget tilknytta garden.

Grunneigarane i Myklebustdalen må på grunn av endringar i krava til dyrevelferd, særleg krav om overgang frå båsfjøs til lausdrift, innan 15 år med dagens prisar kvar investere 1-5 millionar, alt etter neverande driftsform, og korvidt dei må bygge heilt nytt eller kan nytte noko av eksisterande.

Det siste året har forskar Svenn Arne Lie ved Norsk Landbruksøkonomisk institutt (NILF) skapt både fagleg og politisk debatt, spesielt med kronikken i september 2009 i Klassekampen og Nationen:

Næring, landbruk og distrikt

Venstresida overser sentrale problemstillinger i det norske samfunnet

<http://www.nationen.no/landbruk/article4612963.ece>

Einkvar som googlar” *Svenn Arne Lie*” og les kva han og andre debattantar frå jordbruk, forsking, politikk og media skriv får i alle fall klart dokumentert at **det er ei svært rask og negativ utvikling når det gjeld det tradisjonelle landbruket og kulturlandskapet i distrikta, særlig Vestlandet**. Det dokumenterer m.a. Lie i ein kronikk i Nationen 29.09.2009.

Tallknusing i landbruket

<http://www.nationen.no/landbruk/article4612963.ece>

Myklebustdalen som del av Norge – annerledeslandet

I ein oversiktsartikkel i 2008 peikar Norsk institutt for skog og landskap på Noreg som "annerledeslandet" med spesielt mykje verdfullt kulturlandskap:

Norge - annerledeslandet

Vi kan ikke sørge for at alt av kulturlandskap i Norge ivaretas for all framtid, men det er viktig å ta vare på svært mye. I Europeisk sammenheng er Norge virkelig annerledeslandet.

Norge skiller seg ut som et land med spesielt mye verdifullt kulturlandskap. Dette skyldes først og fremst utmarkas varierte kulturlandskap og det spesielle biologiske mangfoldet der.

Instituttet peikar vidare på at urskogområda har fått for stort fokus i høve til mangfoldet i kulturlandskapet, og at det er trøng for auka fokus på kulturlandskapet:

I Norge har det i lang tid vært mest fokus på det biologiske mangfoldet knyttet til urskogsområder. Mangfoldet i kulturlandskapet har fått liten oppmerksomhet, men de truede artene her utgjør en stor del av totalen. De prosessene som nå styrer landskapsutviklinga, vil nok på sikt gjøre at fokuset på kulturlandskapet øker.

http://www.skogoglandskap.no/fagartikler/2008/Gjengroing_har_store_konsekvenser

Her i Sogn og Fjordane har vi lenger enn i noko anna fylke kunne dokumentere endringane, jfr 2008-rapporten *Supplerande kartlegging av biologisk mangfold i jordbruks kulturlandskap, inn- og utmark, i Sogn og Fjordane:*

1.2 Registrering av kulturlandskap i Sogn og Fjordane

Tradisjonelle semi-naturlege vegetasjonssamfunn med høgt biologisk mangfold er viktige element i kulturlandskapet i Sogn og Fjordane. Så tidleg som i 1986 vart "Samarbeidsgruppa for kulturlandskap i Sogn og Fjordane - bruk og vern", oppretta. Gruppa som vart skipa etter initiativ frå Sogn og Fjordane distrikthøgskule, var den første av sitt slag i landet.

<http://www.dirnat.no/content.ap?thisId=500037289&language=0>

Utviklinga blir oppsummert slik:

3.1 Tilstand for semi-naturleg vegetasjon i Sogn og Fjordane

I 1991 vart det gjennomført ei registrering av "Artsrike slåtte og beiteenger i Sogn". Tradisjonelt drivne enger i 7 kommunar vart oppsøkte og det vart gjort eit utval på 76 lokalitetar. I 2006 gjorde ein opp ein status for desse lokalitetane. Konklusjonen var at ca. 25 av dei 76 lokalitetane framleis var i nokolunde hevd som artsrik slåtte- og beitemark, 21 hadde gjennomgått ei bruksendring oppgjødsling, overgang til beitemark, oppdyrkning, tap av areal til veg, bustadfelt o.l.), 22 var i attgroing, og 10 var usikre.

På 15 år hadde ein såleis mist meir enn 60 % av dei urterike engene. Trass i ulike verkemiddel skjer det ei omfattande attgroing av kulturlandskapet, både generelt i landet og i Sogn og Fjordane. Dei fleste av desse kulturlandskapene vert heller ikkje lenger drivne på ein tilfredsstillende måte ut frå omsynet til oppretthaldning av biologisk mangfold.

Når det gjeld kva som er viktig for å bremse og reversere desse – i historisk perspektiv svært raske – negative endringane i det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet, tilrår rapporten m.a. :

Det må skapast ein økonomi i kulturlandbruksområdet som er konkurransedyktig med arbeid utanom bruksområdet. Bidraget skal gjere det økonomisk interessant å ta vare på samfunnsverdiar som er viktige for heilskapen og mangfaldet i kulturlandskapet. Restaurering og vedlikehald av tekniske strukturar og tradisjonelle skjøtselsmetodar er her viktige.

..... Trass i tilskotsordningar som SMIL og RMP er tilstanden for gamle, klassiske kulturmarker med variert biologisk mangfald i dag (2008) urovekkjande i Sogn og Fjordane fylke. Talet på ulike kulturmarker som slåtteenger, beitemarker, hagemarkar, lauvenger, lystheier, stølsvollar og haustingsskogar blir stadig færre og kjerneområda stadig mindre. ...Artsmangfaldet kan framleis vere høgt, men vert i mange høve utgjort av tidlege suksesjonstrinn med invasjon av kantartar og skogsartar. Attgroing er gjennomgåande det største trugsmålet. Når ein veit at det er mykje lettare å ta utgangspunkt i eksisterande god tilstand for å sikre verdiane må ein sikre rett skjøtsel. Det er mykje meir krevjande i etterkant å prøve å restaurere kulturmarkene for å auke det biologiske mangfaldet. Medan ein bygning eller eit teknisk kulturminne (steingard, rydningsrøys m.m.) kan stå i fleire hundre år, tek det berre få år å øydeleggje vegetasjonssamsetninga på ei urterik slåttemark. Opphoping av biomasse grunna manglande uttak fører til etablering av meir næringskrevjande, friskare og kraftigare vegetasjon som kveler dei klassiske eng- og beitemarksartane.

Kvífor så einsidig fokus på fossesprøytenger når ein i kulturlandskapet kan dokumentere ei så skremmande utvikling for arts Mangfaldet?

Myklebustdalen – A-landskap som evig permanens?

Myklebustdalen blir med rette beskriven som ein dal med A-kvalitet på naturen med store og spennande kontrastar. Inntrykket vi får er at det har vore slik alltid. Og vil vere slik i framtida - dersom vi berre unngår utbygging av Strupen og grunneigarane skjørnar at dei kan tene like godt på reiselivsutnytting av fossen.

No er dette som anna ”permanens”-beskriving vi har omtala stort sett heilt feil. A-verdiane er skapte av dei menneska som har drive gardane her i hundrevis av år. Og knapt noko bygd og dalføre er så mykje endra siste 100 åra! Sandalsvatnet er kraftig senka, ein fekk utskiftning, flytting og nybygging av gardstun, veg, omfattande elvaforbygging, brubygging og kanalisering. Om lag 1000 av dei 1500 måla i dalen er dyrka etter siste krig, jfr bygdeboka vi tidlegare har sitert

Klimaet i Myklebustdalen har aldri vore godt for korndyrking, så hovudnæringa har vore fehald. Og beiteområda innanfor det fulldyrka med Myklebuststøylen i sentrum har difor den lengste samanhengande konstante bruken og truleg også det største biomangfaldet.

I DN sin Naturbase står Myklebuststøylen oppført som Nasjonalt og regionalt viktig naturtype
http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3_viewer.asp?Query=BN00001924&QueryZoom=Yes&Layers=00000011000000&ActiveLayer=6

Og verdiane er beskrivne slik:

BN00001924, Myklebuststøylen	http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3_viewer.asp?Query=BN00001924&QueryZoom=Yes&Layers=00000011000000&ActiveLayer=6
Kommune	Gloppen
Områdebeskrivelse	Lokalitetskrivelse innlagt av GGa den 25.03.2002:Beskrivelsen er basert på Flåten (1992).Hun skriver at ”Beitemarka nær stølen er open og i god hevd. Berre einskilde stader kan ein finne små buskar av einer. Forutan storfe beitar sauher i dalen.” Ut fra bilder og beskrivelse av feltsjiktet er det tydeligvis en del naturbeitemark på stølsvollen.Anm.: Den biologiske verdien er litt usikker, men hvis beitetrykket fortsatt er ganske godt, har lokaliteten sannsynligvis minst verdi B - viktig, som er brukt her, men kan kanskje også regnes som A - svært viktig med bedre undersøkelser

24

”...hvis beitetrykket fortsatt er ganske godt, har lokaliteten sannsynligvis minst verdi B - viktig, som er brukt her, men kan kanskje også regnes som A - svært viktig...”

- Kvifor drøftar ikkje FM-miljøavdelinga i det heile korvidt Strupen-utbygginga kan vere med på å halde opp eit høgt beitetrykk, oppretthalde A-kvaliteten og forhindre reduksjon til B-verdi og kanskje fullstendig attgroing til C-status? Når Sogn og Fjordane som dokumentert ovanfor har ei svært alarmerande utviklinga når det gjeld reduksjon av denne typen landskap og dei store biologiske verdiane der...
- Eller trur nokon faktisk at beitetrykket og A-statusen på biomangfaldet også er ein "permanens" som "automatisk" blir oppretthalden om grunneigarane byrjar med turisme med Strupen som blikkfang i staden for å bruke deler av vassføringa til kraftproduksjon? **Som vi har dokumentert ovanfor når det gjeld verdsarvområda Geiranger og Nærøyfjorden hjelper det ikkje med turisme dersom ingen bønder driv med hausting og beitedyr på tradisjonelt vis sjølv i flottaste verdsarv- og reiselivslandskapet!**
- Kvifor behandlar ein fagetat som burde kunne noko om økologi på denne måten kraftutbygginga sine konsekvensar berre på eit lite delsystem i fjellsida utan i det heile å sjå kva funksjon og betydning det har i det totale økosystemet og kva dei samla konsekvensane for ivaretaking av biomangfaldet kan vere?

Dei 9 grunneigarane Strupen-utbygginga omfattar må innan dei neste 15 åra investere 20-30 millionar i nye bygningar og andre tiltak for å stette vedtekne lovkrav og føreskrifter når det gjeld dyrevelferd.

Korleis skal det kunne gjennomførast i den økonomiske situasjonen distriktslandbruket er i - som vi også har dokumentert grundig ovanfor - utan store ekstrainntekter fra utnytting av tradisjonelle utmarksressursar som vasskraft?

Vi skriv "tradisjonelle" av di vi også har dokumentert ovanfor at grunneigarane i Myklebustdalen tidlegare har brukt vasskrafta på ulike måtar.

Vi reagerer elles på den måten FM-miljøavdelinga og tur-og natur-organisasjonane nærast insinuerer at grunneigarane i Myklebustdalen berre er sjølopptekne egoistar, naturvandalar kun opptekne av eiga vinning, utan omsyn til negative konsekvensar for naturopplevinga til folk flest. Som når fylkesmiljøvernensjefen blir sitert i media om at "**Det er få som nyt godt av det økonomiske utbytte fra småskala kraftutbygging i forhold til dei mange som må forholde seg til vassdraget og interesser knytt til dette elles når det gjeld turisme.**"

<http://www.firda.no/nyhende/article2233824.ece>

Avslutningsvis i bygdeboka heiter det tvert imot at "**På Myklebust har det i all kjend tid vore godt grannelag og samarbeid**". Ei rask googling støttar opp om den konklusjonen:

I reiselivssamanheng er det dalføret og spesielt Myklebuststøylen, som er viktigast, t.d. som turmål både til fots og hest, og **reiselivsverksemndene utanom dalen møter ikkje hindringar, verken når det gjeld Nordfjord Vandrefestival eller rideturar med overnatting på støylen.**

<http://www.naturogferie.no/upload/070342-03%20Vandrebrosjyre%2007%205.pdf>

<http://www.fjordnorway.com/de/Produkt/?TLp=193802>

Vi finn tilbakmeldingar frå nøgne turgårarar om den spennande kombinasjonen av støylslandskap med beitedyr og den ville naturen med steinsprang:

Vi har gått en fin tur til Myklebuststøylen. Det er fint å gå dit inn. Traff mange beitedyr. Så at det har rast ned store steiner den senere tiden for buskene var bøyd av steinene.

<http://www.tur-bo.no/2009/07/myklebuststylen.htm>

Fylkesarkivet sin omtale av Myklebuststøylen viser føregangsfolk i naturbasert næringsutvikling som og held kulturtradisjonane ved like gjennom tiltak som restaurering av det gamle særmerkte støysmeieriet:

Meireidrifa her inne står for eit særmerkt tiltak i si tid. Myklebust meieri kom i gang i 1878, som det første i Nordfjord og mellom dei tre første i fylket. Dette skjedde alt før separatoren si tid. Drifta varte berre i 4 år. Men samarbeidstanken livna oppatt, slik at Myklebust meieri kunne kome i drift att i 1897.

I stølsperioden tok dei, som nemnt ovanfor, med seg meieriutstyret, og eit sel vart då leigd som meieri. Eit nytt støysmeieri vart bygt i betong kring 1930. Dette vart sett nær elva, med god vassførsle. Myklebustarane frakta heim mjølk og smør dei ca 4 km ved hjelp av kløvhestar. To-tre dagar i veka kom karane inn frå kvart bruk.

Myklebust meieri vart nedlagt i 1948. Mjølka vart heretter levert til Byrkjelo meieri. Stølsdrifta og det gamle meieriet inne i dalen står for ei fargerik soge. I våre dagar har dei restaurert meieriet gjennom 900 dugnadstimar."

http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=4551&spraak_id=1&pctype=single&lang=eng&paging=yes

Og dei let andre ta del i sine natur-og kulturgode i organisert friluftsliv: Snønipa 4H i Myklebusdalen har blitt kåra til beste klubb i Nordfjord og i fylket. Og er framleis aktiv og postiv, som det går fram av denne invitasjonen i sommar:

FORSLAG TIL TUROPPLEGG I GLOPPEN UNDER NORDISK LEIR 2009

I samband med Nordisk leir 2009 kan 4H-klubbane i Gloppen tilby overnattingstur til Myklebuststøylen i Breim.

Forslag til opplegg:

Deltakarane vert skyssa med buss inn på Veiteberg i Stardalen fredag 24. juli, går derifrå gjennom dalen inn til Myklebuststøylen. 3-4 timars tur i lett turterren og storsslått natur. Stien går forbi Skitnevatnet, her kan ein fiske om ynskjeleg. Inne på Myklebuststøylen er det mogeleg å overnatte i støyssel og/eller i lavo. Alternativ tilkomst vert med buss direkte til Myklebust, derifrå 20-30 min gange inn på støylen.

Aktivitetar:

Omvisting i restaurert støysmeieri

Fisking

Bading

Bål/grilling mv.

Alle 4H-klubbane i Gloppen vert med å bidra. Lars Myklebust har klarert at Myklebuststøylen kan nyttast i det aktuelle tidsrommet. Retur med buss frå Myklebust, 20-30 min gange frå Myklebuststøylen.

Med helsing

Lars Myklebust

Leiar 4H-nemnda

<http://www.gloppen.kommune.no/kunde/filer/Forslag%20til%20overnattingstur%20under%20NL2009.pdf>

4 H er som vonaleg alle veit ikkje ein organisasjon for sjølvsentrerte økonomiske individualistar utan naturkjensle!

Einkvar innbyggar i Breim/Gloppen veit at barnehagar, skuleklasser og andre har fått like positive tilbakemeldingar om opplegg for turar til Myklebuststøylen og dalen, bruk av natur og støylshus, fiske og hjelp til aktivitetar som ovannemnde. Og kor viktig slikt er for å fremje friluftsliv og livslang naturglede!

Så bygdeboka kunne godt ha hatt ei utvida formulering om at ”**På Myklebust har det i all kjend tid vore godt grannelag og samarbeid - og stor gjestfridom**”.

Sluttoppsumming

Både dei biologiske verdiane og friluftslivs- og reiselivsverdiane i Myklebusdalalen ligg hovudsakleg i det tradisjonelle kulturlandskapet i dalen. Skapt av innbyggjarane gjennom tradisjonelt husdyrhald gjennom hundrevis av år – og blir utmerka tatt vare på av dagens grunneigarar i Myklebusdalalen.

Men for å ivareta biologisk mangfald, produksjonslandskap, og eit variert kultur- og naturlandskap både for reiseliv og friluftsliv også i framtida krevst fleire inntektskjelder, som småkraftutbygging.

Vi støttar difor grunneigarane på Myklebust sitt krav om ei meir omfattande utbygging som både gjev inntekt til alle innbyggjarane, ikkje berre to av bruken, og som kan dempe flaum- og skredfåren noko.

Som det går fram av kjeldebruken har Breim Bygdeutviklingslag som del av vårt bygdeutviklingsarbeid hatt ein relativt omfattande gjennomgang av media og fag- og forskingslitteratur.

Vi fann dokumenta i denne saka ekstremt prega av den rekreasjons-og opplevingsfokuserte delen av miljøforvaltninga og natur- og friluftluftslivsorganisasjonar med same ”permanens”-dominerte verkelegheitsbeskriving. Vi har prøvd å bryte dette biletet gjennom omfattande og variert alternativ kjeldebruk med vekt på endringsprosessane som langt betre gjer oss i stand til å forstå notida og gjere nødvendige tiltak. Og kome fram til at i ein slik ”paleoøkologisk” naturbrukssamanheng er den foreslalte utbygginga den beste løysinga for ivaretaking av det samla naturmangfaldet for framtidas generasjonar.

Vi har i vår natur hatt problem med sur nedbør frå kontinentet. Og heilt sidan Tsjernobyl-katastrofen forurensa også våre beiteområde hatt nesten årvisss tvungen nedforing av beitedyr. BB er difor svært forundra over denne voldsomme motviljen mot produksjon av rein energi i ein situasjon der landa rundt oss i Europa anten held fram med å ”fyre opp” klimaet med kolkraftverk eller aukar satsinga på atomkraft!

Bygdeutviklingslaget er ein frivilleg organisasjon der vi må gjere arbeidet med slike uttaler i tillegg til vanleg arbeid og aktivitetar. Når vi som i dette tilfelle blir bedne om å kome med ein uttale i ei sak vi ikkje har vore inne i før med to vekers frist, oppstår det naturlegvis lettare feil og manglar.

Ideelt sett skulle vi også m.a. hatt ei lengre litteratur- og lenkeliste, som vi ikkje får tid til å lage. Men vi har prøvd å legge alle kjeldetilvisningar inn i teksten på ein måte som gjer all vår oppgjevne informasjon tilgjengeleg for etterprøving.

Vi ber difor om å bli kontakta om noko er uklårt.

Byrkjelo 11.12.2009

Reiel Felde

Leiar i Breim Bygdeutvikling

Ola Bergheim

Skrivar i Breim Bygdeutviklingslag